



HLF Nordhordland
Orrhøyflaten 2A
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: Ref.:EVQQDK- Skjemanr.:146
Vår: 15/233 - 15/13329

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

09.11.2015

Kulturmidlar 2015 - avslag

Me viser til dykkar søknad om kulturmidlar frå Radøy kommune.

I retningslinjer for tildeling av kulturmidlar i Radøy står det at alle frivillige lag i Radøy kan søkje om kulturmidlar, men at lag i regionen som har ein del medlemmer/aktivitet i Radøy òg kan søkje om midlar. Kriterier som skal vektleggjast ved tildeling er medlemstal under 18 år, allsidig aktivitet, tilrettelegging for funksjonshemma, aktivitetsnivå innanfor aldersbestemte grupper, kvalitet på aktivitetane og medlemskontingent.

Rådmannen har i fordelinga av kulturmidlar lagt særleg vekt på medlemstal under 18 år, aktivitetar for born og unge og aktivitetsnivå. Aktivitet i Radøy kommune er også vektlagt.

Ut frå kriteria for tildeling av kulturmidlar i Radøy kommune gjev rådmannen HLF Nordhordland avslag på søknaden om kulturmidlar.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket. De må då oppgjje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar som vert ønskt, og dei grunnar De vil gje for klaga.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
HLF Nordhordland

Orrhøyflaten 2A 5918

FREKHAUG